

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 07.11.2022

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid: Måndag 07.11.2022
Møtestad: Administrasjon Eidsmona / digitalt

Til stades: Sven Flo, Espen Sortevik, Gunnvor Sunde og Siri Sandvik
Jan Henrik Nygård deltok digitalt på Teams

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Marianne Mardal Roset deltok i sak 41/22 og 42/22.

SAK 39/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 40/22 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 17.10.22 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 07.11.2022

SAK 41/22 BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023 - 2026

Administrasjonen har etter vedtak i styret i sak 36/22, gjort følgjande endringar i budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026:

- Auke i renovasjonsgebyr med 6% og rabattar med 3,75%
- Forbrenningsavgift budsjettert med kr. 261,- pr tonn
- Leveringskostnad restavfall endra frå kr. 1.350,- til kr. 1.336,- pr tonn
- Forventa prisnedgang papp/papir frå kr. 1.000,- til kr. 200,- pr tonn

Budsjett er etter ovannemnte endringar er i balanse.

Økonomiplan er justert med 3% i årleg løns- og prisauke i perioden 2024 -2026.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til endeleg Budsjett for 2023
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2023 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.
3. Styret sitt framlegg til endeleg Økonomiplan 2023 - 2026

Styret si

INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 42/22 PERIODEREKNESKAP PR. 30. SEPTEMBER 2022

Vedlagt følgjer rekneskapsrapport.

Resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 3.104.863,- mot budsjett kr. 1.007.072,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 2.749.440,- mot budsjett på kr. 707.797,-

Kommentarar:

- bokført resultat etter finans er kr. 2.041.643,- over budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr både på husholdning og næring er periodisert pr. 30.09.2022 i samsvar med faktisk/berekna fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura pr. 30.09.2022 er bokført eller avsett i perioden
- renteinntekter og renteutgifter pr. 30.09.2022 er iht. budsjett
- endring i lager av avfall er ikkje vurdert

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 07.11.2022

I resultatet er det inntektsført kr. 1.140.658,- i pensjon frå premiefond i KLP.
Det reelle resultat 30.09.2022 før avsetning frå pensjonsfond er kr. 1.608.782,- etter finans.
Faktisk resultat er kr. - 1.009.983,- dårlegare enn resultat i 2021, men kr. 900.985,- betre enn budsjett.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

NoMil er grunna auka omsetjing, fleire tilsette og auka balanseverdi ikkje lenger klassifisert som eit lite føretak. Dette får mellom anna konsekvensar for bokføring av pensjonsforpliktingar og utarbeiding av rekneskap og årsmelding.

Styret er orientert om utrekning/bokføring av pensjonsforpliktingar, og motteke varsel frå KLP om auke i årets pensjonskostnader.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. september 2022 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 43/22 EIGARSKAP I RETURA NOMIL AS (unn.off. §§14 og 15)

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Saka vert utsett

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 07.11.2022

SAK 44/22 MØTEPLAN 2023

Møteplan for Styret og Representantskapet

- Måndag 30. januar Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 13. mars Styremøte - digitalt
- Fredag 29. april Representantskapsmøte
- Måndag 12. juni Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 18. september Styremøte
- Måndag 6. november Styremøte
- Fredag 8. desember Representantskapsmøte

Styret sitt

VEDTAK

Styret vedtek justert møteplanen for 2023 slik den ligg føre ovanfor.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 07.11.2022

SAK 45/22 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

- Sjukefråværet januar – september 2022 var samla for heile selskapet på 4,56% som er ein nedgang på 0,21% frå juni . Fråværet skuldast i stor grad langtidsfråvær over 2 veker med 395 dagar. Korttidsfråvær 1-16 dagar var på 156 dagar. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvær i 3 kvartal.
- Vedlegg: Fråværsstatistikk pr 30/9 22*

Status drift

- Det er ikkje registrert avvik i drifta på hovudanlegget eller gjenbruksstasjonane siste kvartal, mengde avfall er normal i forhold til tidlegare år.
- Normal drift i renovasjonsavdelingane på Nordfjordeid og i Florø
- Godkjent etterdriftsløyve deponi Ivahola, oppfølging/tiltak og bruk av hageavfall tildekking av skråningar rundt deponi.

Kundetilfredsheit undersøking hausten 2022

- Gjennomføring av 1750 intervju i våre 5 kommunar er planlagt i veke 46/2022 Forslag til spørsmål sendt styret 6/9-22.

Status etablering av biogass-produksjon i regionen

- Orientering om status.
 - Drøftingar med Gloppen kommune og Sogn og Fjordane Energi om eigarmodell i samband med mogeleg etablering av eit selskap.
 - Utfordra Gloppen kommune og Sogn og Fjordane Energi på finansiering av eigenandel i samband med søknad om 400.000,- i prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune / Grøn Region Vestland.
 - Dialog med Gloppen Næringsorganisasjon om arbeid knytt til knoppskyting / grøn næringsutvikling i tilknytning til biogassanlegg

Slamordning i eigenregi

- Innsamling av slam i eigenrei saman med Sunnfjord Miljøverk
Orientering om status

Felles fagressurs med ansvar for oppfølging av forureiningsaker

- Nordfjorderådet drøfta saka på møte 27. oktober. Dei som møtte var skeptiske til framlegget, men har bedt kommunalsjefane om ei grundigare utgreiing. Den vesentlegaste innvendinga mot å sette ut dette oppdraget, er knytt til juridiske forhold.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 07.11.2022

Informasjonsarbeid

- All informasjon har dei siste åra som hovudregel vore formidla digitalt på NoMil si heimeside og facebook.
- NoMil si heimeside skal i løpet av vinteren gjennomgåast for å vurdere oppbygging og kor lett det er å orientere seg/hente ut informasjon for alle.
- Ein ynskjer og i større grad å legge ut bilde og video for å informere våre abonnentar om våre tenester og kvifor vi gjer det. Bransjeorganisasjonane og mottaksanlegga har utarbeidd mykje informasjonsmateriell som vi kan nytte oss av.

Revisjon av standardforeskrift

- Arbeidet med revisjon av standardforeskrift for hushaldningsavfall er godt i gang. Målsetjinga er å legge fram utkast på styremøte i januar.

Nytt kundesystem/farleg avfall

- Det er budsjettert i 2023 med nytt datasystem for kundemottak og handtering av farleg avfall. Målet er å auke innteninga, skilje mellom privatabonnentar og næringskundar med differensierte prisar, og sikre rett handtering av mengde farleg avfall frå mottak til utsending.
- Det har vore gjennomført møter med to aktuelle leverandørar.

Møte med Stad kommune – drift av gjenbruksstasjon i Selje

- Vi har hatt møte med Stad kommune om drifta av gjenbruksstasjonen i Selje. Plassmangel og utfordringar med å skaffe kvalifisert personell gjer drifta krevjande. NoMil har ei driftsavtale gjeldande ut 2024 i Selje og ut 2028 med MyRø Invest på Haugen.
- Kommunen ynskjer at NoMil vurdere plassbehov/mogeleg utforming av ny stasjon i Selje og på Nordfjordeid. Det bør og utgreiast eit alternativ med ein ny stor stasjon for hele kommunen.

Gjenbruksstasjonar – framtidig struktur

- Administrasjonen planlegg i løpet av vinteren å utgreie framtidig struktur for alle gjenbruksstasjonane i NoMil.

Stasjonar drivne i eigenregi:

- Stasjonen i Eidsmona har tilfredsstillande standard
- Stasjonen i Purkeholta har tilfredsstillande standard
- Dei to stasjonane i Bremanger har ikkje tilfredsstillande standard. Bremanger kommune og NoMil har over tid vore i dialog om etablering av ein ny stasjon.
- Stasjonen i Vedvik har behov for oppgradering, Kinn kommune avklarar i pågåande budsjettprosess midlar til oppgradert i 2023

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 07.11.2022

Stasjonar drivne av eksterne:

- Stasjonen i Stryn er drifta av Tenden Miljø, driftsavtale gjeldande til 31.12.2027
- Stasjonen på Haugen er drifta av MyRø Invest, driftsavtale gjeldande til 31.12.2028
- Stasjonen i Selje er drifta av Stad kommune og har ikkje tilfredsstillande standard

Planarbeid knytt til plassering, arealbehov og mogeleg drift i eigenregi på stasjonane i Stryn, på Haugen og i Selje er tenkt starta opp fyrste halvår 2023.

Stad kommune har signalisert at dei ynskjer at NoMil driftar stasjonen i Selje.

Nytt frå bransjen

- Vedlegg

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--